

# MEDDELELSE

## FRA

# DET NORSKE MYRSELSKAP

Nr. 1

Februar 1956

54. årgang

---

Redigert av Aasolv Løddesøl.

---

## DYRKING AV BRENNTORVMYR.

Av myrkonsulent Aksel Hovd.

Brenntorv får ein når omlaginga i myra går for seg utan — eller med liten tilgang av luft, altså ei omlaging som ein kaller fortorving. Med god lufttilgang får omlaginga — ved oksydasjon av organiske emne (plantedelar) ein heilt annan karakter, ein kaller det formolding.

Dei fysiske tilhøva i myra (torva) vert mykje ulike etter omlagingsmåten. Ved fortorving, lagring og samanpressing av organisk masse vert kolloidene i stor mon berga, og ein får etter kvart ei homogen, tett, såpe- eller feittliknande torv. Slutstadiet er den typiske brenntorva.

Ved god tilgang av luft vil myra rotne og molda. Kolloidene vert i stor mon oksydert (nedbroti) og kløyvingsemna utvaska. Torva får ein betre porøs struktur som høver for dyrking av kulturvokstrar. Myr av same eller liknande opphav kan soleis ved ymse omlaging få heilt ulik fysisk karakter, og mykje skiftande dyrkingsverd.

Brenntorvmyr er oftast sers vanskeleg å dyrke. Det vert gjerne lita og usikker avling, og utfallet av dyrkinga negativt eller lite lønsamt. Stangeland (11) gjer merksam på dette når det gjeld myrene på Vestlandet, der brenntorva er mykje utbreidd.

Lende-Njaa (5) er av same mening og gir denne karakteristikk av dyrkingsverdet for brenntorvmyr i boka «Myrdyrking», side 40—41: «Slik myr er vanskelig å få tørr ved grøfting. Fettorv er nemleg nesten uggjennomtrengelig for vann så den krever en meget sterk grøfting, og ved tørking skrumper den sterkt inn til en hård masse som slår sprekker og vanskelig opptar vann igjen. Ved frostens innvirkning smuldrer den inntørkede fettorv til et pulver med meget ueheldige fysiske egenskaper.»

Aasolv Løddesøl gir ei utførleg utgjeiring om og grunngeiving for ymse omlaging av myr i boka «Myrene i næringslivets tjeneste», side 114—115 (9).

Men kvifor skal ein så gjera nokon freistnad med slik dyrking?

Denne myra (torva) har då serleg verd som brensel i skoglause strok. Ja, fleire stader på kysten kan det til og med verta mangel på god brenntorv som høver for stikking i framtida. I vår tid vert det fleire stader i kystbygdene på Vestlandet og i Nord-Noreg teki torv til brensel på grunn myr og lyngmark soleis at berre snaue berget (fjellet) vert att.

Dette fører altså til øyding av jord, og etter det Nemnda for myr- og jordvern i kystbygdene har rekna ut (på grunnlag av gransking og telling i ymse strok) vart det frå Hordaland til Finnmark i åra før siste krigen øydd over 1000 dekar jord årleg ved urasjonell torvstikking. I alt omfatar jordøydinga til denne tid omlag 55.000 dekar. Verst er tilhøva i Hordaland, men noko jordøyding er det og i Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Trøndelagsfylka og i Nord-Noreg. Denne jordøydinga har ein søkt å avgrensa eller stanse ved lov om jordvern som sett grense for kor nær botn av myra, ulikt for ymse undergrunn, ein kan koma med avtorvinga (4).

Under slike tilhøve, der det i framtida kan verta mangel på brenntorv som er velskikka for stikking, kan det sjølsagt ikkje vera rett å ta til med dyrking av brenntorvmyr, og heller ikkje dyrking av myr som trengs til brensel i framtida. Berre der det er nøgda av slik myr bør dyrking koma på tale.

Det er elles her grunn til å understreke at for myr som kviler direkte på fjell eller grov grus og steinundergrunn, trengs det større djupn av myrlaget for rasjonell dyrking og utnytting i framtida, enn der det er bra og dyrkande undergrunn av leir eller fin sand. Jordvernlova sett soleis minstedjupna av myrlaget til 1,5 m på fjell, 1,0 på grov grus- og steinundergrunn, men berre 0,5 m på leir- og sandundergrunn.

I Nord-Noreg er det store vidder av brenntorvmyr, serleg i Lofoten og Vesterålen. Andøya (12) har soleis etter sakkunnig overslag ca. 120 millionar kubikkmeter brenntorv og med ei medeldjupn for stikking på 1,0—1,5 m skulle det vera minst 70—80.000 dekar brenntorvmyr på Andøya. Disse torvmassene er nå redusert ikkje så lite, mellom anna er mykje torvmyr dei seinaste åra lagt ut til flygefelt.

Det er sjølsagt greit og av stort verd å kunne nytte torva til brensel i framtida, men også dyrking kan koma på tale for myr som i rimeleg framtid ikkje kan nyttast til brensel og der vilkåra for dyrking elles ligg til rette. Det er difor ei mykje viktig oppgåve å få granska dyrkingsverdet ved forsøk over korleis ein på rimeleg og sikker måte kan få nokonlunde bra avling på slik myr.

Det norske myrselskaps forsøksgard har utetter åra lagt nokre få forsøk på myr med brenntorvkarakter. På Andøya har det soleis vori nokre forsøk i åra 1930—38, 2 gjødslingsforsøk på bureisings-bruket Myrvoll, det eine hausta i 4 og det andre i 5 år, 1 gjødslingsforsøk på bruket Rishaug hausta i 3 år og dessutan eit kalk-sandfelt

på Sørmela med berre 2 års hausting. Alle forsøka er i Bjørnskinn herad.

Det er greit at så få og kortvarige forsøk ikkje på noko vis kan gi svar på alle dei spørsmål som melder seg i samband med dyrking av brenntorvmyr. Ein finn det difor her naudsynt å ta med resultat av ymse andre forsøk som Myrselskapets forsøksgard har hatt på Aursjømyra i Verran, der det i 17 år har vori fleire forsøksfelter og ein har eit ganske stort og sikkert materiale. Vidare vil det og verta medteki utfall frå forsøk på andre myrtyper for å vise avlingsutfall og tryggleiken ved dyrking av ymse myrer og nermare streka under vanskane med dyrking av brenntorvmyr. Her gjeld det serleg dei vanskelege fysiske tilhøve (strukturen) som gjer at kulturvokstrane har sers vanskelege veksevilkår — kanskje serleg for skuld därleg rotfeste.

Overvintringa er soleis mykje vanskeleg for engvokstrane, og små, usikre og simple avlingar vert det rett ofte. Men også når det gjeld reint kjemiske tilhøve, soleis mangel på ymse mikroemne (koppar, bor m. fl.) kan i mange høve auke vanskane ved dyrking av brenntorvmyr og føre til rein misvekst, kanskje serleg på myr i kyststroka.

I 1950—51 vart det lagt eit kalkingsforsøk m. v. på typisk mogen brenntorvmyr på Stavik i Fræna, Møre og Romsdal. Dette feltet er planlagt som eit langvarig forsøk. Plana går ut på å samanlikne ymse tilpassing av kalkinga, anten på plogvendt eller fresa våt myr eller på turr myr etter at øvste laget (fårene) har tørka. Ein ville her prøva professor Tacke si plan som går ut på full opparbeidning og kalking på nyarbeidd våt myr, for å fremja omlaginga av myra, betring av strukturen alt dei første åra (13). Feltet har gått i 5 år, og vil no verta omlagt og skal halda fram gjennom fleire omløp. Noko om utfallet av dette forsøket hittil vert soleis ikkje teki med her.

#### *Forsøk på Myrvoll i Bjørnskinn.*

Feltet er av skulestyrar Marкуссен, som var feltstyrar for forsøket her, karakterisert som grasrik mosemyr. Djupna er ca. 1,20 m og med brenntorv i omlag 0,5 m djupn. Det vart grøfta med 10 m teig og 1,0 m djupe grøfter. Ved oppdyrkninga i 1928 vart feltet pløyd som vanleg, og det er kalka med ca. 250 kg CaO (1 m<sup>3</sup> skjelsand) pr. dekar.

Forsøket vart lagt i 1929 med grønfôr, 18 kg havre + 6 kg grærter (utan smitting) og med frøblanding 2,5 kg timotei + 0,4 kg raudkløver + 0,4 kg alsikekløver pr. dekar.

Etter første attleget låg feltet i 4 år. Det vart fresa opp att hausten 1932 og attlagt våren 1933 med grønfôr og frøblanding: 3,0 kg timotei + 0,5 kg alsikekløver pr. dekar. Forsøksplana (gjødslinga) vart og brigda soleis at rute VI vart gjødsla med ca. 1800 kg

Tabell 1.

Gjødslingsforsøk på myr med brenntorvkarakter.

Myrvoll i Bjørnskinn 1929—32.

Gjødsling pr. dekar	År/vekst	Tørt høy/grønför — kg pr. dekar					
		0	I	II	III	IV	VI
	Utan gjødsel	40 kg superfosfat 25 » kaliumjødsel 25 » kalksapeter	40 kg superfosfat 25 » kaliumjødsel 25 » kalksapeter	40 kg superfosfat 25 » kaliumjødsel 0 » kalksapeter	40 kg superfosfat 0 » kaliumjødsel 25 » kalksapeter	40 kg superfosfat 0 » kaliumjødsel 25 » kalksapeter	40 kg superfosfat 25 » kaliumjødsel 25 » kalksapeter
1929. Grønför .....	45	425	251	323	142	341	358
Relativtal .....	11	100	59	76	33	80	84
1930—32. Eng .....	40	392	255	184	79	311	358
Relativtal .....	10	100	65	47	20	79	91
Medel 4 år .....	41	400	254	219	95	318	358
Relativtal .....	10	100	64	55	24	80	90

(6 lass) blanda husdyrgjødsel årleg pr. dekar. Gjødslingsplana, samt utfall av forsøket dei første 4 åra går fram av tabell 1.

Feltet var godt opparbeidd (pløyd og harva med traktor) og med sterkt gjødsling på allsidig gjødsla rutor dei første åra. Men det har likevel vori medelmådige, helst noko små avlingar, soleis med full allsidig gjødsling kring 400 kg høy/grønför pr. dekar. Reint ille har det likevel ikkje vori med storleiken av avlinga, serleg når ein tek omsyn til at her er nydyrka og noko simpel myr i hardt verlag med tildels vanskeleg overvintring. Utfallen av dette forsøket etter omlegginga i 1933 går fram av tabell 2.

Det er framleis noko medelmådig avling soleis med vanleg allsidig gjødsling 400—450 kg høy pr. dekar. Berre grønføret 1. år kjem opp i 500 kg. Det er rimeleg å gå ut frå at oppfresing og lufting av myra gjer noko til dette. I det heile har kulturen (jordarbeidninga) vori rett god på dette feltet. Det er dei naturgjevne tilhøve, strukturen (brenntorvkarakteren) og vanskane med grøftinga som gjer at her vert låge avlingar. 10 m teig er nok i drygaste laget her, men djupna (1,0 m) skulle høve bra. Det vil gagne lite å ta sers djupe grøfter på myr som er lite gjennomtrengjeleg.

Trongen til kvævegjødsling er stor trass i at myra å sjå til er mykke omlaga. Det er fortorving, samanpressing utan lufttilgang, ein har å gjera med her og ikkje formolding (rotning) med luft-

Tabell 2.

Gjødslingsforsøk på myr med brenntorvkarakter.

Myrvoll i Bjørnskinn 1933—37.

Gjødsling pr. dekar	År/vekst	Tørt høy/grønfôr — kg pr. dekar						Ca. 1800 kg husdyrgjødsel
		0	I	II	III	IV	V	
	Utan gjødsel	20 kg superfosfat 20 > kaliumgjødsel 20 > kalksapeter	20 kg superfosfat 20 > kaliumgjødsel 0 > kalksapeter	20 kg superfosfat 0 > kaliumgjødsel 20 > kalksapeter	0 kg superfosfat 20 > kaliumgjødsel 20 > kalksapeter	0 kg superfosfat 20 > kaliumgjødsel 20 > kalksapeter	20 kg superfosfat 10 > kaliumgjødsel 20 > kalksapeter	
1933. Grønfôr .....	45	507	338	173	67	436	569	
Relativtal .....	9	100	67	34	13	86	112	
1934—35. Eng .....	48	393	236	177	55	305	440	
Relativtal .....	12	100	60	45	14	78	112	
1936—37. Eng .....	72	455	301	135	67	317	514	
Relativtal .....	16	100	66	30	15	76	113	
Medel 5 år .....	57	441	282	159	62	348	496	
Relativtal .....	13	100	64	36	14	79	112	

tilgang og frigjering av kvæve i myra. Moldinga går seint også etter grøfting og dyrking, og ein må rekne med stor kvævetrong ei årrekke framover, noko som vel alltid vil fylge det nordlege lægje og det kjølege væte verlaget.

Også dei siste åra feltet var i gang etter omlegginga, er det framleis stort utslag for kvævegjødsla. Dette vil streka under det som er sagt ovafor om sein molding og stor kvævetrong utetter åra. Fosfor og kalium viser normale utslag, og ein skal ikkje her gi seg av med noko utførleg utgreidning om slike utfall.

Ein skal vidare feste seg ved at overgjødsling med husdyrgjødsel viser største avling, i medel 12—13 % meir enn vanleg allsidig kunstgjødsling. Dette er det vanlege, serleg på nydyrka simpel myr der strukturen er därleg i øvste laget og der molding og omlaging går seint. Serleg der nedbøren i veksttida er gunstig og med jamt fuktig luft, soleis også i kyststroka, er det sikkert full grunn til å nytte husdyrgjødsel som overgjødsling på eng, i kvartfall på nydyrka, noko simpel og lite molda myr.

Det er da ganske rimeleg at eit tunnt lag av husdyrgjødsel, om ikkje årleg så i kvartfall 2. eller 3. kvart år, vil verka gunstig på

myroverflata så engvokstrane får betre rotfeste og sikrare overvintring. I nokon mon er vel dette ein fysisk verknad og ikkje berre ein nærings- eller gjødselverknad.

Det er gjort notater (etter skyn) om plantesetnaden på feltet på Myrvoll i åra 1934—37, og det synte seg at det var ikkje så reint lite kløver i enga 1. og 2. år, men sjølsagt mindre i 3. og 4. år eng.

Skynsmessig % i:	1. og 2. engår.			3. og 4. engår.				
Forsøksledd:	I	II	V	VI	I	II	V	VI
Kløver .....	35	45	20	50	5	10	—	10
Timotei .....	40	50	35	35	30	30	40	50
Andre grasarter ..	25	5	45	15	65	60	60	40

Etter det Markussen melder var attlegget sers fint hausten 1933 og med god overvintring 1934/35. Innhaldelet av kløver er soleis uvanleg bra dei 2 første åra, men minkar mykje i eldre eng. Det er tydeleg at husdyrgjødsla har berga kløveren i enga noko. Timotei har vori frodigare og har haldi seg betre ved bruk av husdyrgjødsel og likså med høveleg allsidig kunstgjødsling. Av andre (villveksande) grasarter var det vanleg rapp og fjellrapp, og i 3. og 4. engår vanleg kvein. Ugras var det nesten ikkje, berre einskilde planter av småsyre og geiterams.

Vel er det så at serleg gode avlinger har det ikkje vori i de 2 forsøka på Myrvoll, og vidare auking i avlinga for skuld betre molding og struktur har det ikkje vori i dei 8—9 åra forsøka har vori i gang. Myra moldar seitn, og den därlege strukturen held seg i fleire år. Men så reint mislukka har ikkje dyrkinga vori, anten det no kjem av at brenntorvkarakteren ikkje er serleg utprega, eller at den typiske brenntorva ligg etter måten djupt i profilet, det får her vera usagt.

Det er og slik at ein kan ikkje vente så jamm og bra avling sjøl på etter måten god myr her så langt mot nord og ut mot nordhavet, som i mildare (blidare) strok sør i landet. Det kjølege, stormfulle verlaget og vanskeleg overvintring gir grunn for dette. I denne samanheng skal vi seinare til jamføring av avlingsstorleiken ta med utfallet av forsøk på god grasmyr på Haugnesmyra i Andenes.

#### *Forsøk på Rishaug i Bjørnskinn.*

Dette feltet låg også på grasrik mosemyr ca. 1,2—1,5 m djup, og her er det utprega, mogen brenntorv i 20 cm djupn.

Feltet vart oppdyrka, grøfta og pløyd i 1929, og dyrkingsplana var mest den same som på Myrvoll, nemleg 10 m teig og 1,0 m djupe grøfster. Feltet vart kalka som vanleg og gjort i stand våren 1930 og tilsådd med vanleg grønfôr og engfrøblanding. Ved dette attlegget var ikkje husdyrgjødsel med i plana.

Første attlegget vart heilt mislukka. Året var sers tørt og så godt som ingen ting kom att, berre nokre strå etter kanten av fårene.

Tabell 3.

Forsøk med ymse gjødsling på brenntorvmyr.

Rishaug i Bjørnskinn.

Gjødsling pr. dekar	År	Utan gjødsel	Kg høy/grønför pr. dekar						
			0	I	II	III	IV	V	VII
		20 kg superfosfat 20 » kaliumjødsel 20 » kalksalpeter	20 kg superfosfat 20 » kaliumjødsel 20 » kalksalpeter	20 kg superfosfat 20 » kaliumjødsel 20 » kalksalpeter	0 kg superfosfat 0 » kaliumjødsel 20 » kalksalpeter	20 kg superfosfat 20 » kaliumjødsel 20 » kalksalpeter	20 kg superfosfat 20 » kaliumjødsel 20 » kalksalpeter	20 kg superfosfat 20 » kaliumjødsel 10 » kalksalpeter	1800 kg blanda husdyrgjødsel
1933. Grønför ..	53	176	114	94	57	158	126	197	
1934. 1. år eng ..	80	246	151	183	84	237	202	271	
1935. 2. år eng ...	42	214	132	104	42	201	179	233	
Medel 3 år .....	58	212	132	127	61	199	169	235	
Relativtall .....	27	100	62	60	29	94	80	111	

Feltet vart liggande slik til våren 1933, men vart då fresa oppatt og tilsådd på nytt med vanleg grønför og engfrøblanding (som på Myrvoll). Husdyrgjødsla vart då teki med i plana på rute VII som i 1930 var gjødsla med 20 kg superfosfat + 20 kg kaliumjødsel + 10 kg kalksalpeter pr. dekar. Feltet vart hausta i 3 år med utfall som går fram av tabell 3.

Som ein ser er det så ganske misslukka avling alle 3 åra, og utfallet er ikkje mykje å visa til når det gjeld utslaget for ymse gjødsling. Med så lita avling vert det små og unormale utslag. Men skal ein no ta dette feltet som eit prov på vanskane med dyrking av slik typisk brenntorvmyr? Ja, så ganske og i visse høve kan ein truleg gjera det. Feltet har rett nok vori i gang berre 3 år, men det vart grundig opparbeidd 2 gonger (1929—30 og i 1933) og låg til lufting og molding i 2 år (1931—32) millom kvar opparbeidning. Vi skal ta med noko av det skulestyrar Markussen melder om dette feltet. Etter haustinga i 1933 skriv han:

«Feltet på Rishaug er og blir umulig, ser det ut til. Hverken grønför (havre + erter) eller grasfrø spirte skikkelig, og som resultatet viser ble det ingen ting. Den tørre sommeren var langt verre for denne myrtypen enn for det andre feltet. Det øvre lag på 15—20 cm er nok ganske bra omdannet nu, men det har en umulig struktur. Det er som å gå på aske, og like under er det tett bekktorv.»

Som ein ser fell dette heilt saman med den karakteristikk som Lende-Njaa gir av brenntorva som dyrkingsmyr. Men om feltet på Myrvoll står det i same skrivet frå 1933: «Feltet ga ganske pen avling av grønfôr, og gressfrøet hadde spirt jevnt og pent.»

Etter hausting i 1934 heiter det om feltet på Rishaug: «Feltet er fremdeles dårlig. Plantene er korte og forkrøblete og kommer seg ikke til full skyting og blomstring. Bestanden er mest naturlig gress, mest rapp og dessuten litt kvein, svingel og kvitkløver, noe mosebunke og småsyre. De naturgjødslede ruter hadde noe friskere farge og var noe tettere enn vanlig, men det var ingen frodighet.»

Det er altså stor skilnad på veksevilkåra på desse to felta, og ein kan og må nok gå ut frå at brenntorva er ikkje alltid den samme (like därleg) når det gjeld dyrkingsverdet. Noko står det vel på mogninga av torva (strukturen). Den mest mogne torva (bekktorv) er den vanskelegaste, mindre mogen torv er lettare å dyrke. Men vel så mykje står det nok på kor djupt brenntorva ligg i profilet. Kor tjukt «avmåket» er som «kystbuen» seier. Med «avmåket» meiner ein det øvste laget som er lite fortorva og difor därleg brenntorv som må «måkast» (spades) vekk før stikkinga kan taka til. Det er som kjent stor skilnad på verdet også når det gjeld torv til brensel. Godt mogen torv under grunt «avmåk» har største verdet og høver helst til brensel, og arbeidsutlegget vert rimeleg. Mindre mogen torv, og med djupare «avmåk» har gjerne større dyrkingsverd medan torvdrifta fell vanskeleg og kostesam. Dette er elles berre ei kort skissering av tilhøva. Nokon grunn til å koma vidare inn på dette er det ikkje her.

#### *Forsøk med kalk og sand på Sør-Mjela.*

Feltet vart lagt i 1937 på grasmyr ca. 1,2 m djup med nokon, men ikkje serleg utprega brenntorvkarakter i 40—50 cm djupn. Det vart grøfta med 10 m teig og 1,0 m djupe grøfter, og det halve av feltet vart fullt oppdyrka (pløyd og harva som vanleg) og andre halvparten overflatedyrka (berre harva).

Forsøket vart forsøkshausta berre 2 år, 1938—39. Våren 1940 førte med seg at feltet vart nedlagt. Det vart gjødsla sterkt både åra, nemleg pr. dekar: 40 kg superfosfat + 25 kg kaliumgjødsel + 30 kg kalksalpeter. Det vart brukt skjelsand frå fjøra på Sør-Mjela. Etter fylkesagronom Lothe sine granskingar er innhaldet 16—19 % CaO (7).

Plana for forsøket, samt avlingsutfall (medel for 2 år) går fram av denne samanstillinga:

Plan/avling pr. dekar	Fullt oppdyrka	Overflatedyrka
I. Utan kalk og sand .....	347 100	311 100
II. 1000 kg skjelsand .....	431 + 84 124	382 + 71 123
III. 1000 kg skjelsand + 20 m <sup>3</sup> sand .....	459 + 112 132	431 + 120 139

Det er noko veik kalking dette, 160—190 kg CaO pr. dekar, men her er rett gode utslag og sikker lønsemrd. Sandkøyring viser etter måten lite utslag, serleg på fullt oppdyrka myr. Det kan vera at her er brukt dårleg (utvaska) sand. Men elles er det og slik at på grasmyr med nokonlunde bra dyrkingsverd er det gjerne mindre utslag for sandkøyring enn på lettare mosemyr. Ganske rimeleg er det og å gå ut frå at tett (tung) myr med brenntorvkarakter heller ikkje viser store utslag for sandkøyring i første omgang i kvartfall.

Ein skal elles ikkje dra vidare konklusjon av berre 2 års forsøk. Nokon stor avling har det ikkje vori på dette feltet, men likevel tyder utslaget for kalking på at dyrkingsverdet er ganske bra på denne myra og strukturen soleis ikkje sers vanskeleg.

#### *Gjødslingsforsøk på Haugnesmyra i Andenes.*

Ein skal ikkje gå i frå utgreininga om felta på Andøya utan å sjå på utfallet av eit par forsøk på Haugnesmyra i Andenes.

Det er ganske god og etter måten vel molda grasmyr dette, og nokon brenntorvkarakter er det ikkje her. Når ein likevel tek med nokre medeltal, så er det for å jamføre avlingsstorleiken på dei ymse felta på Andøya og ut frå denne freista å döma om dyrkingsverdet.

Det vart lagt eit gjødslingsforsøk etter same plan som på Myrvoll, og vi tek med utfallet i åra 1935—39.

Avling pr. dekar.	Grønför	1. og 2. engår	3. og 4. engår	Alle 5 åra
I. Allsidig gjødsel	458 100	530 100	368 100	451 100
II. Utan kvæve	217 47	330 62	265 72	281 62
VI. Husdyrgjødsel	616 134	555 105	397 108	504 112

Feltet har vori noko ujamt og unormalt ymse år, serleg gjeld det einsidig eller veikt gjødsla ledd (rutor). Utfallet er soleis ikkje så sikkert som ynskjeleg kunne vera. Etter ei kritisk saumfaring av dei 5 første forsøksåra, har ein difor teki med berre ledd med allsidig gjødsling som har vori jamnast og truleg sikrast. Ledd II er rettnok utan kvævegjødsel.

Det har soleis vori naudsynt å korrigere ymse avlingstal på ein-skilde rutor i samsvar med notater på haustekarta og medelavling for kvart einskild ledd. Men at desse tala gir ei ganske god vitring om avlingsstorleiken ved ymse gjødsling på denne myra, kan det ikkje vera tvil om.

Det er nydryka myr, og her er det altså ikkje tale om nokon brenntorvstruktur. Myra er ganske porøs og smuldrar etter måten lett. Men likevel er avlinga av same storleik og utslaget for ymse gjødsling det same som på Myrvoll, og dette trass i at ein vel skulle ha venta betre avling her. Det er stort utslag for kvævegjødsel (kalksalpeter) også her. Husdyrgjødsla har hevda seg rett bra i saman-

likning med vanleg allsidig kunstgjødsling. Feltstyraren melder jamt at rutone (VI) med husdyrgjødsel har vori jamnare og med betre attvekst om hausten, har soleis greidd overvintringa bra og komi betre att om våren enn rutone (I) med allsidig kunstgjødsling. Vel kan det vera så at husdyrgjødsla har tilført meir voksternærings-enn vanleg mengd kunstgjødsel, men dei mindre nyttbare nærings- emne i husdyrgjødsla skulle halda verknaden noko nede saman- likna med kunstgjødsla.

Ein har soleis her å rekne med ein fysisk/biologisk verknad av husdyrgjødsla, serleg på nydyrka, lite molda og noko simpel myr.

Jamføringa mellom dei to felta (Myrvoll og Haugnesmyra) skulle visa at ein ikkje har å gjera med sers vanskeleg brenntorv på Myrvoll. Mykje vanskelegare har feltet på Rishaug vori.

#### *Kalk- og sandfelt på Haugnesmyra.*

Her er det altså (som på gjødslingsfeltet) bra vel molda grasmyr (utan brenntorvkarakter), 1,0—1,3 m djup og grøfta med 10 m teig og 1,0 m djupe grøfter.

Feltet vart lagt i 1935 og var i gang til 1940. Det vart gjødsla bra og allsidig, nemleg dei 2 første åra med:

40 kg superfosfat + 25 kg kaliumgjødsel + 30 kg kalksalpeter og					
20 " " + 25 " " + 30 " "					
pr. dekar årleg gjødsling seinare.					

Feltet var tilslådd med grønfôr (havre + erter) første året og med frøblanding: 3,0 kg timotei + 0,5 kg raudkløver pr. dekar. Plana og utfallet i åra 1935—39 går fram av tala nedanfor:

Avling pr. dekar.	Grønfôr	1.-2. engår	3.-4. engår	Alle 5 åra
Utan kalk og sand....	246	479	265	347
900 kg skjelsand = 250				
kg CaO .....	+ 159	+ 54	+ 97	+ 92
25 m <sup>3</sup> sand .....	+ 153	+ 38	+ 58	+ 69
900 kg skjelsand + 25				
m <sup>3</sup> sand .....	+ 220	+ 63	+ 194	+ 155

Dette feltet har vori ein god del betre og jamnare frå år til anna enn gjødslingsfeltet. Rett nok har det ikkje vori større avling, men utfallet er vel noko sikrare og skulle vera eit bra mål for kva avling ein kan vente på nydyrka myr her, med bra dyrking og stell.

Utslaget for kalking er rett bra og normalt både utan og med sand. Men sand aleine viser etter måten lite utslag (unnateki 1. året til grønfôr). Stort sett er det bra avling på nydyrka myr, og utfallet viser at dyrkingsverdet er bra på denne myra. Ein medel-avling første 5 åra (derav 4 år eng) på 400—500 kg høy/grønfôr pr. dekar, får ein nok rekne for å vera ganske bra på medelgod myr

i Vesterålen. Ein skal hugse at Nord-Ishavet fell inn her og at myr er ei kald og lite drivende jord.

Forsøka på nydyrka (godarta) grasmyr i dei indre bygder av Troms fylke (Målselv, Balsfjord og Skånland) syner at avlingane der jamtover har vori noko større enn ute på Andenes (1). Med vanleg allsidig gjødsling ca. 550—600 kg høy pr. dekar i medel for 3 felt i 7 til 12 forsøksår, altså minst 100—150 kg meir enn i dei ytre strok av Vesterålen.

Sjølsagt vil avlingane skifte noko frå år til anna, ikkje minst grunna usikker overvintring. Men lognare verlag i dei indre strok, ikkje så mykje kald vind og driv frå havet, skulle gi vilkår for noko større avlingar, kanskje serleg på myr i innlandet der nord.

På myr med brenntorvkarakter kan ein ikkje venta nær til så bra avling i første tilgang, serleg om brenntorva ligg høgt i profilet (20—30 cm djupn).

Det vil gjerne verta lita og usikker avling, og difor er dyrkingsverdet lågt på slik myr. Utfallet av eit kalkingsforsøk som fylkesagronom A. Lothe har hatt på Lovik i Bjørnskinn er eit godt døme på dette (6). Det var nermast grasrik mosemyr ca. 0,8 m djup og med tett brenntorv i 25—30 cm djupn. Det var grøfta med 10 m teig og fresa grundig ved oppdyrkninga.

Første året (1938) var eit gunstig år med sers god overvintring og rett bra avling (500—550 kg høy pr. dekar). Men 2. året var det ikkje eingong halv avling på feltet, og 3. året etter nok ei sers vanskeleg overvintring (1939—40) var det att berre nokre få strå her og kvar på feltet som ikkje var hausting verd.

Lothe skriv elles omfeltet:

«Årsaken til at forsøket vart mislukka må sikkert først og fremst tilskrivast at myra er så tett at grøftene ikkje verkar godt nok. Det er elles bra hall på feltet, så overflatevatnet kan ikkje så mykje vera grunnen.»

---

Grøftinga, dette med å få myra skikkeleg tørrlagt, er sikkert største vansen ved dyrking av sterkt fortorva brenntorvmyr. Vi har som før nemnt ikkje hatt vidare forsøk på slik myr, og grøfteforsøk er diverre ikkje lagt hittil. På Aursjømyra har det i 17 år (1927—43) vori fleire forsøk i gang, og det er utført eit ganske bra og omfatande granskingsarbeid. Vi skal ta med eit lite utdrag frå 3—4 felter, soleis frå gjødslingsforsøk, samt frå kalk- og sandforsøk og engfrøforsøk.

(Meir.)

---